

Arbeidsmarkedet nå - februar 2012

"Arbeidsmarkedet nå" er eit månadleg notat frå seksjon for Utredning i Arbeids- og velferdsdirektoratet. Notatet er skrive av Jorunn Furuberg Jorunn.Furuberg@nav.no, 1. mars 2012.


Uendra arbeidsløyse

Ved utgangen av februar er det registrert 69 500 heilt arbeidslause. Dette svarer til 2,7 prosent av arbeidsstyrken og er ein nedgang på 7 900 (- 10 %) frå februar i fjor.

Dei sesongkorrigerte tala viser at talet på registrerte heilt arbeidslause er uendra frå januar, medan summen av heilt arbeidslause og ordinære tiltaksdeltakarar har auka med 200.

Tilgangen på nye arbeidssøkjalar¹ som melder seg har gått litt ned den siste månaden, medan talet på nye ledige stillingar er om lag som førre månad. Samla viser dette at etterspørsele etter arbeidskraft er stabil.

Figur 1. Utvikling i talet på registrerte heilt arbeidslause, summen av ordinære tiltaksdeltakarar og registrerte heilt arbeidslause og arbeidslause ifølgje arbeidskraftsundersøkinga (AKU) til Statistisk sentralbyrå. Sesongjusterte tal. Januar 2001 – februar 2012.




Kjelde: NAV og SSB

¹ Inkluderer heilt arbeidslause, delvis arbeidslause, ordinære tiltaksdeltakarar og andre arbeidssøkjalar.

Litt færre nye arbeidssøkjarar

Ser vi utviklinga det siste halve året under eitt, har talet på nye arbeidssøkjarar som melder seg til NAV vist ein minkande trend. I februar var tilgangen av nye arbeidssøkjarar på nivå med april i fjor. Ser vi berre på heilt arbeidslause, var det 12 100 som hadde vore arbeidssøkjarar i mindre enn 4 veker. Dette er ein nedgang på 7 prosent samanlikna med februar i fjor.

Figur 2. Tilgang av arbeidssøkjarar per yrkedag og tilgang av ledige stillingar per yrkedag.² Trend. Januar 2002 – februar 2012.



Kjelde: NAV

Stabil tilgang på nye ledige stillingar

Samanlikna med februar i fjor er talet på nye ledige stillingar uendra. Butikk- og salsarbeid³ (-20 %), meklarar og konsulentar (-16 %) og bygg og anlegg (-15 %), er yrkesgruppene med størst nedgang i talet på nye ledige stillingar. Størst auke finn vi innan barne- og ungdomsarbeid (17 %), kontorarbeid (12 %) og innan helse, pleie og omsorg og akademiske yrker, begge med ein auke på ni prosent.

Utviklinga i norsk økonomi

I 2011 vaks Fastlands-BNP (Bruttonasjonalproduktet) med 2,6 prosent i følgje tal frå SSB (Statistisk Sentralbyrå). Det største bidraget til veksten kom frå tenesteytande næringar.

Konsumet i hushalda var 2,3 prosent høgare i 2011 enn i 2010. Det var særleg konsum av tenester som auka, medan det var ei svakare utvikling for varekonsumet. I løpet av 2011 auka investeringane i industrien med 4,3 prosent. I 4. kvartal var det likevel ein nedgang i samla

² Omfattar stillingar utlyst i media, registrert av arbeidsgjevarar på nav.no eller meldt til NAV.

³ På grunn av innføring av ny yrkesinndeling er endringa frå i fjor eit estimat, sjå avsnittet ” Spesielle tilhøve med månadsoppdateringa” nedst i notatet for nærmere forklaring.

industriinvesteringar, særleg var det dei eksportretta delane av industrien som bidrog til nedgangen. Innan olje- og gassverksemd var investeringane 11 prosent høgare i 2011 enn året før, og for 2012 viser dei siste tala frå SSB at investeringsanslaga er rekordhøge.

Veksten i industriproduksjonen var på 1,1 prosent i 2011. Høge investeringar innan olje- og gassverksemd har ført til større aktivitet innan leverandørindustrien, medan dei eksportretta delane av industrien har opplevd svikt i etterspørselen. Industriproduksjonen i Noreg auka med 0,9 prosent i 4. kvartal i fjor samanlikna med kvartalet før, viser tal frå SSB. Det er særleg metallvareindustrien, maskinindustrien og bygging av skip og boreplattformar som bidreg til veksten. Innan metallindustrien, papir- og papirvareindustrien og næringsmiddelindustrien var det ein nedgang i produksjonen.

I løpet av 2011 blei det sett i gang 31,2 prosent fleire bustadbygg enn året før, rekna i bruksareal. Samla for heile 2011 var det ein auke i bustadprisane med 8,0 prosent. Mot slutten av året stoppa prisveksten opp, og i fjerde kvartal var det ein nedgang i bustadprisane på 0,4 prosent. SSB sin statistikk over ordretilgangen innan bygg og anlegg viser høg ordretilgang i løpet av siste kvartal i fjor.

Utviklinga internasjonalt

I Europa er situasjonen prega av uvisse knytt til handteringa av den store statsgjelda som Hellas har opparbeidd seg. EU har forhandla fram ei ny støttepakke til Hellas, som inneber lån til Hellas på 130 milliardar euro. Det er uvisst om den nye støttepakka er nok til å hjelpe Hellas ut av det økonomiske uføret, eller om det berre er ei utsetjing av problemet.

I løpet av 4. kvartal fall BNP i eurosona med 0,3 prosent samanlikna med kvartalet før. Ei viktig årsak til dette er nedskjeringa i offentlege utgifter som følgje av store budsjettunderskot i mange land. Nedgangen kom i dei fleste landa, inkludert Tyskland med 0,2 prosent. EU-kommisjonen har nedjustert vekstansлага i eurosona til ein samla nedgang på 0,3 prosent i 2012. Det er særleg Spania og Italia som vil bidra til nedgangen, medan det er venta positiv vekst i Tyskland og Frankrike. Det internasjonale pengefondet (IMF) kom i januar med nye prognosar for veksten i verdsøkonomien i 2012. Dei ventar at veksten i verdsøkonomien samla vil bli på 3,25 prosent, ei nedjustering på 0,75 prosent samanlikna med vekstansлага som blei publisert i september. Hovudårsaka til nedgangen i veksten er at ein ventar ein nedgang i eurosona. Sjølv om utsiktene for eurosona i 2012 no ser svakare ut enn tidlegare, er det tale om ein mild resesjon som ikkje kan samanliknast med vekstnedgangen i etterkant av finanskrisa i 2008.

I eurosona samla var arbeidsløysa på 10,4 prosent i desember i fjor. Dette er ein auke på 0,4 prosentpoeng samanlikna med desember 2010. I Tyskland, Austerrike, Luxemburg og Nederland er arbeidsløysa lågast, medan vi finn høgast arbeidsløyse i Spania, Hellas og Litauen.


I USA er det fleire teikn som tyder på at økonomien er i betring. I løpet 4. kvartal i fjor auka BNP med 2,8 prosent målt som årleg rate. I januar var arbeidsløysa på 8,3 prosent, ein nedgang på 0,8 prosentpoeng frå januar i fjor.

Færre arbeidslause innan dei fleste yrkesgrupper

Samanlikna med februar i fjor er det færre arbeidslause innanfor alle yrkesgrupper⁴ så nær som barne- og ungdomsarbeid der det er 100 (4 %) fleire arbeidslause. Dei fleste arbeidslause i denne yrkesgruppa er barnehage- og skolefritidsassistentar.

Nedgangen i arbeidsløysa er sterkest innan bygg og anlegg med 3 000 (-24 %) færre arbeidslause enn same tid i fjor.

Figur 3. Prosentvis endring i talet på heilt arbeidslause etter yrkesbakgrunn. Februar 2011– februar 2012.



Kjelde: NAV

Ingeniør – og ikt-fag

Det er no 600 færre (-19 %) arbeidslause med bakgrunn frå ingeniør- og ikt-fag enn same tid i fjor. Om lag halvparten av dei arbeidslause har bakgrunn frå ikt-fag.

Akademiske yrker

Innan dei akademiske yrka har arbeidsløysa gått ned med 200 personar (-12 %) det siste året. Arbeidsløysa har gått mest ned blant sakshandsamarar innan offentleg sektor.

Industriarbeid


Samanlikna med februar i fjor er det 900 (-9 %) færre arbeidslause med bakgrunn frå industriarbeid. Ser vi på sesongkorrigerte tal har talet på arbeidslause industriarbeidarar halde seg om lag uendra sidan april i fjor.

⁴ På grunn av innføring av ny yrkesinndeling er endringa frå i fjor eit estimat, sjå avsnittet ” Spesielle tilhøve med månadsoppdateringa” nedst i notatet for nærmere forklaring.

Færre arbeidslause som har søkt arbeid lenge

Det er no ein nedgang i talet på arbeidslause i alle varigheitsgrupper. Nedgangen er størst blant arbeidslause som har søkt arbeid mellom 78 og 103 veker der det no er 1200 (-23 %) færre arbeidslause samanlikna med for eitt år sidan. Også talet på arbeidslause som har søkt arbeid i mellom 52 og 77 veker er no langt lågare (-19 %) enn i februar i fjor. Endringa heng saman med at det var ein sterk auke i talet på nye arbeidslause frå slutten av 2008 og utover i 2009. I 2010 betra arbeidsmarknaden seg, og talet på nye arbeidslause gjekk ned.

Figur 4. Prosentvis endring i talet på registrerte heilt arbeidslause etter arbeidssøkjarvarigheit. Februar 2011 – februar 2012.




Kjelde: NAV

Færre arbeidslause i dei fleste fylke

Samanlikna med same tid i fjor har arbeidsløysa i februar gått ned i alle fylka, bortsett frå Telemark og Finnmark, der arbeidsløysa for begge fylke har auka med 5 prosent. Nedgangen i arbeidsløysa er størst i Sør-Trøndelag (-22 %) og Møre- og Romsdal (-20 %). Utviklinga i talet på personar som deltek på ordinære arbeidsmarknadstiltak har innverknad på utviklinga i talet på heilt arbeidslause. Figur 7 viser at nedgangen i talet på arbeidslause i mange fylke har samanheng med ein auke i talet på ordinære tiltaksdeltakarar.


Arbeidsløysa er lågast i Sogn og Fjordane (1,9 %) og Rogaland (2,0%). I Telemark (3,7 %), Finnmark (3,4 %) og Østfold (3,4 %) er arbeidsløysa høgast.

Figur 5. Prosentvis endring i talet på heilt arbeidslause etter fylke. Februar 2011- februar 2012.




Kjelde: NAV

Figur 6. Absolutt endring i talet på heilt arbeidslause og ordinære tiltaksdeltakrar etter fylke. Februar 2011- februar 2012



Kjelde: NAV

Figur 7. Arbeidslause i prosent av arbeidsstyrken etter fylke. Februar 2012.




Kjelde: NAV

Færre arbeidslause polakkar

Figur 8 og 9 viser talet på arbeidslause etter statsborgarskap, og endringa i talet på arbeidslause etter statsborgarskap, for nokre av dei landa som er mest aktuelle for arbeidsinnvandring. Det er flest arbeidslause polakkar, deretter kjem litauarar og svenskar.


Samanlikna med februar i fjor har arbeidsløysa auka mest blant baltiske statsborgarar og islandingar, medan nedgang i arbeidsløysa er størst blant finnar, tyskarar, polakkar og danskar.

Figur 8. Registrerte heilt arbeidslause etter statsborgarskap. Talet på personar i februar 2012.



Kjelde: NAV

Figur 9. Registrerte heilt arbeidslause etter statsborgarskap. Prosentvis endring februar 2011 – februar 2012.



Kjelde: NAV

Spesielle tilhøve ved månadsoppdateringa



NAV innførte 9. januar 2012 ny standard for yrkesklassifisering (STYRK 08) i eitt av sakshandsamingssistema sine. Dette inneber eit brot i all arbeidsmarknadsstatistikk som er fordelt på yrke, både for registrerte arbeidslause og statistikken over utlyste stillingar. Dette brotet inneber at vi ikkje vil kunna presentera arbeidslause i prosent av arbeidsstyrken for dei ulike yrkesgruppene før i mai, når vi får nye tal over arbeidsstyrken frå Statistisk sentralbyrå (SSB). Det vil bli estimert tal for dei 15 hovudgruppene av yrker tilbake i tid, slik at vi kan gi estimat på endringa frå året før på heilt arbeidslause og tilgang stillingar for hovudgruppene av yrker. For meir informasjon om brotet sjå ”Om statistikken - Arbeidssökere” på

www.nav.no:

<http://www.nav.no/Om+NAV/Tall+og+analyse/Arbeidsmarkedet/Arbeidss%C3%B8kere.1073745818.cms>


Figurvedlegg

Figur 9 og 10. Utviklinga i summen av registrerte heilt arbeidslause og ordinære tiltaksdeltakarar innan yrkesgrupper (yrkesbakgrunn). Januar 2008 – februar 2012. Januar 2008 = 100. Sesongkorrigerte tal.



Kjelde: NAV

Figur 11. Utviklinga i summen av registrerte heilt arbeidslause og ordinære tiltaksdeltakarar i regionar. Januar 2008 – februar 2012. Januar 2008 = 100. Sesongkorrigerete tal.



Kjelde: NAV